

## **Brev til Meland kommune ang Førehandsvarsel GBNR 52/8- Krav om tilknytning til kommunalt VA-anlegg-Kårbø.**

Frist for tilbakemelding var 26 mai-2017, men det var i følge kommunen ( samtale med Marianne Aadland Sandvik på tlf) viktig å rådføre seg med rørlegger og han ( Torleif Stendal) var vanskeleg å få tak i.

### **Bakgrunnshistorie:**

GBNR52/8 sto i år 2000 til nedfalls då denne vart lagt ut for sal. Meland sin kommunepolitikk var klar og tydeleg på at dei ynskte tilflytning til bygdene og ikkje fråflytning. Den gongen var her ikkje kommunal vasstilførsel, heller ikkje avlaupsanlegg frå det kommunale å kople seg på.

Meland kommune påla derfor denne garden å ha forsvarleg renseanlegg, samt borehol til vassforsyning. Kostnadsbeløp for dette den gongen kom på ca. kr 200.000.-

For ca 6 til 7 år sidan var Kommunerepresentant: Jens Bjordal tilstades under eit allmøte der kommunalt VA-anlegg sto på agendaen. Den gongen var han tydeleg på at dei som hadde gode årsaker ( sjå ovenfor) ikkje måtte kople seg på. ( munnleg avtale)

### **Dagens situasjon.**

I følge rørlegger Torleif Stendal ( som var ansvarleg for rørleggararbeidet når gården her vart rehabilitert) er levetida til ei grunnvasspumpet ca 30 år. Dvs at den har ca 15 år igjen av si «levetid»

Vassprøvar har vore tatt tidlegare av Meland kommune . Desse syner tilfredstillande kvalitet på vatnet.

Etter at desse åra er omme (dvs ca 15 år frå no) kan det værte tjenleg å knyte seg til det kommunale tilbudet for oss.

Nye kostnader vil bli for Kloakk i underkant av ca kr.100.000.-

Vasstillkobling: ca. kr.50.000.-

I tillegg kjem tilknytningsavgift til Kommunen som er på kr.20.000 x 2

Summane på kloakk og vasstilloblinga er gjengitt frå rørlegger Torleif Stendal.( Før og no priser)

Kårbø 26.5-2017. Oddveig og Helge Husebø.